Betre opplæring av sluttbrukarar. Det er viktig at det blir tilrettelagt tilstrekkeleg opplæring for alle brukargrupper. Samtidig må denne være relevant og lett tilgjengeleg. Alle prosjekter har hatt ansvar for utforming av opplæringsmateriell. Eksempelvis ODA ved overgangen til DIPS Arena. Dette må etter kvart tilpassast og forbetrast. Vedlikehald av opplæringsmateriell er lagt til Helse Vest IKT, men innhald og omfang må avklarast i tett samarbeid med føretaka. Eit ope spørsmål er om den brukarveilinga som kundesenteret i dag gjer, er eit kosteffektivt tiltak. Alternativt kan ein tenke seg at ein må auke deltaking på opplæring/gjennomføring av e-læring.

#### **Langvarige tekniske feil (Problem)**

Ei problem er definert som ein underliggende årsak til eit eller fleire episodar. I arbeidet med problemsaker forsøker vi å analysere rotårsak og dermed hindre at nye episodar oppstår i framtida.

Åpne DIPS Problemer (Perioden mai-november)	
1	Viktig informasjon - Start DIPS frå Startmenyen og ikkje frå snarveg
2	Desktop - Feilsituasjonar når fleire element opnast i Arbeidsflaten med side-ved-side visning.
3	TGK - Tekst blir ikkje overført frå talegjenkjenning tilbake til Arena
4	Bestilling - Kopiering av bakteriologi
5	Meldingar - Ikkje mogleg å signere dialogmelding til vurdering via dokument
6	Utskrift av timebok - Fødselsdato manglar
7	NY funksjonalitet i Oppgåvesida – Aktivering/ ikkje aktivering av pasient
8	Feilmelding - Skrive ut pasient som død - framtidige labbestillingar i anna føretak
9	Helse Bergen - Utfordringar med Bestilling – Vis alle labstader
10	Dokumenter - Feil i formatering og lenker forsvinner i dokumenter
11	Digital sjukemelding - Endring i funksjonalitet
12	Endring - Kodeverk for utfall av vurdering av henvisning – frå 01.06.24
13	Opphaldsida - Videre plan - tentativ månad
14	Videre plan – Får ikkje velje «Oppfølging ivaretatt»
15	Dialogmelding - Endra funksjonalitet
16	Endring av faktisk prøvetakingstidspunkt for rekvisisjonar med hake i
17	Får ikkje registrert oppmøte på indirekte pasientkontakt

18	Innkallingsbrev - Wingdings i avdelingsfraser
19	Vedtak - Stavekontroll fungerer ikke i merknadsfelt i vedtaksdokumenter
20	Vedtak - Hurtigtast Ctrl+E for Opprett dokument fungerer ikke på alle vedtaksdokumenter
21	Skanning - Ved oppretting av dokument må lysstyrke og kontrast justeres
22	PLO - gjennbruk av data fra tidlegare registreringer i PLO- dialog knyttet til oppholdet
23	Oppgavesiden - Hurtigtaster fungerer ikke i Oppgavesiden
24	Korrespondanselogg - vis samtaletråd fungerer ikke som forventa
25	Desktop - Ufullstendige datoer under Vis Oppmøter
26	Bestilling - Endre hastegrad, får melding om ønsket tidspunkt kan ikke være tilbake i tid
27	AOM - Non-classic utskrift av rekvisisjon fra Oversiktsbilde feiler (AA000 feilmelding)
28	AOM - Non-classic - Slettet rekvisisjon fra labsystem blir liggende under Planlagt

Disse tekniske feila har blitt løyst

Løste DIPS Problemer (Perioden mai-november)	
1	LØST - Lenker «forsvinner» fra brev
2	LØST - Etikett - Utskrift husker forrige poliklinikk på sengepost-rekvisisjon
3	LØST - Bestilling - Første gangs oppstart av bestilling om morgonen feilar
4	LØST - Bestilling - Knappen prøvetaking og radiologibestilling
5	LØST - Bestilling - Misvisende feilmelding dersom pålogget bruker ikke er rekvirent
6	LØST - Bestilling - Varsel ved val av uke eller måned som omtrentlig tidspunkt
7	LØST - Prøvetaking – Endring i funksjonalitet ved utskrift av etiketter
8	LØST - Oppgavesiden - Annan pasient aktiveres
9	LØST - Skanning - feltet Dokumentbetegnelse manglar
10	LØST - Ikke mogleg å endre dokumentopplysninger på importert henvisning
11	LØST - Endre telefontype i Arena
12	LØST -Alle pasienter i oppmøteliste vises med sperra adresse-ikon i kolonnen sperra adresse
13	LØST - Bestilling - Får oppretta ny rekvisisjon i Arena ved etterbestilling frå labsystem
18	LØST - Feilmelding ved aktivering av pasient – AB100
19	LØST - Viktig informasjon - Start DIPS fra Startmenyen og ikke fra snarveg

Kilde: [Endringer og kjente feil i DIPS Arena](#)

Eit søk i Assyst over alle opne Problem-saker registrert på DIPS viser 115 saker.

*Tiltak for å redusere tekniske feil:*

Aktivt jobbe med å kartlegge og finne rotårsak på gjentakende feil.

## Oppsummering

Årsaka til eit høgt tall på DIPS saker er samansett. Det er viktig å sjå på eit breitt sett med tiltak om ein skal få redusert talet. Å få redusere tal på episodar og omfattande episodar vil frigjere tid for helsepersonell, ettersom dei fleste av desse sakene blir meldt av brukarane. Tall på episodar skil seg klart ut i forhold til dei andre sakstypene. Når brukarane av løysinga står fast, så vil det bli registrert som ein Episode. Det kan derfor være grunn til å følge tal på episodar, framfor dei andre sakstypene.

Det kunne være ein ønska situasjon at brukarane hadde betre innsikt og kompetanse i korleis løysinga er meint brukt. Å få alle brukarane gjennom opplæring kan være krevjande i ein travel kvardag. Det kan derfor være riktig at brukarane tar kontakt med Helse Vest IKT sitt kundesenter når dei er i tvil/eller treng hjelp til å komme vidare i arbeidet. Det betyr at det alltid vil være eit stort volum på DIPS sakene.

### Moglege nye/vidareføring av tiltak

- Følgje utviklinga på DIPS episodar og rapportere dette talet til styret. Rapporteringa bør vise utvikling over tid.
- Vurdere kommunikasjonstiltak for å gjere Arenaportalen betre kjent
- Identifisere årsakene til at brukarar ikkje finn applikasjonen, eller får vanskar med innlogging/pålogging.
- Halde fram arbeidet med å identifisere årsaker til tregheit i løysinga
- Auke graden av harmonisering/standardisere tilgangssoppsett, dette vil legge til rette for auka automatisering.



## STYRESAK 064-24

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest IKT AS

**DATO:** 28.11.2024  
**SAKSHANDSAMAR:** Magne Rasmussen, Ole Jørgen Kirkeluten  
**SAKA GJELD:** **Utkast til årleg melding til Helse Vest RHF for 2024**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** Styresak 064/24 B

**STYREMØTE:** 05.12.2024

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret godkjenner utkast "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2024", med dei merknadane som kom fram under handsaming av saka.*
- 2. Administrasjonen innarbeider innspel og oversender endeleg versjon av "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2024" innan fristen 15. januar 2025.*

## Oppsummering

Administrasjonen har utarbeida eit utkast til "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2024". Administrasjonen ber styret om innspel til utkastet. Administrasjonen vil innarbeide innspel frå styret i endeleg versjon av dokumentet som skal sendast til Helse Vest RHF innan fristen 15.01.2025.

## Fakta

I styringsdokumentet for Helse Vest IKT for 2024 er det i punkt 7 "Oppfølging og rapportering" teke med fylgjande om årleg melding:

### «7.2 Årleg melding

*I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2025.*

*Helse Vest IKT AS skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årleg melding er 15. januar 2025. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast om alle krav og mål for 2024 nemnde i styringsdokumentet. I løpet av hausten 2024 vil det bli sendt ut ein mal for årleg melding som Helse Vest IKT AS skal bruke.»*

Administrasjonen har mottatt mal frå Helse Vest RHF for årleg melding og nytta denne som *grunnlag* for framlagt utkast til melding.

## Fakta

Administrasjonen har i år tatt med bidrag frå interne områder og frå helseføretaksgruppa, men har også i år lagt vekt på områder der Helse Vest IKT bidrar til forbetring i helseføretaka.

Utkastet til årleg melding er enno ikkje tilstrekkeleg gjennomarbeida og korrekturlest, dette vil bli gjort før oversending til Helse Vest RHF innan frist 15.01.2025.

## Konklusjon

Utkast til årleg melding, med dei innspel som kjem frå styret vil bli oversendt Helse Vest RHF innan frist 15.01.2025.





**Årleg melding 2024 for Helse  
Vest IKT AS**

## Innhald

1	Innleiing.....	2
	Generelt - samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2024.....	2
	Utviklingsplan – På veg inn i framtida .....	2
	Prosjekt SOLID har flytta LIBRA til ny driftspartnar .....	2
	Ei langsiktig investering i cybersikkerheit.....	3
	Oppgradering av pasientsignalsserverar vart ein suksess.....	4
	Byggstøtte IKT i mål med Livabygget i Førde .....	5
	Meldingsvarslingsprosjektet sine leveransar .....	5
	KI innan bildediagnostikk.....	5
	«Pasientens journaldokument» vinnar av eHelseprisen.....	6
	Kryssar målstreken etter 15 år: Unilab på plass i Helse Vest .....	6
	DIPS rett i lomma .....	7
	Helse Vest IKT 20 år .....	7
2	Hovudmål 2: Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik.....	8
3	Hovudmål 3: Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp .....	9
4	Bemanning, leing og organisasjon .....	9
	Sjukefråvær .....	10
	Beredskap og sikkerheit.....	10
	Samfunnsansvar .....	11
	Framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon .....	11
	Vidare utvikling av innkjøpsområdet .....	12
5	IKT-utvikling og digitalisering .....	12
	Journal- og samhandlingsløysingar .....	12
	Betre bruk av helsedata .....	14
	Digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt.....	14
	Felles nettløysing for spesialisthelsetenesta .....	15
	Spesifikt styringsbodskap til Helse Vest IKT AS .....	15
6	Ressursgrunnlag og finansieringsmodell.....	17
	Finansieringsmodell.....	17
	Balansekrav.....	18

# 1 Innleiing

## Generelt - samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2024

*Gjer greie for det føretaket spesielt har lukkast med i 2024, det som bli opplevd som særlege utfordringar og eventuelle bistanndsbehov.*

### *Utviklingsplan – På veg inn i framtida*

**Endringar i forventningar, rammevilkår og utviklingstrekk er alle faktorar som påverkar oss i Helse Vest IKT. For at vi framleis skal vere ein attraktiv IKT-leverandør og samarbeidspartnar for sjukehusa i Helse Vest, må vi heile tida arbeide med å utvikle selskapet i tråd med desse endringane.**

Utviklingsplanen set mål og retning for denne vidare utviklinga av Helse Vest IKT. Planen er på eit strategisk og overordna nivå, og peikar retning mot kva vi skal strekke oss etter. Den skal vere relativt stabil over tid og gjeldande så lenge føresetnadane som ligg til grunn er gyldige. [Gjeldande utviklingsplan](#) vart vedteken av styret i Helse Vest IKT 9. desember 2023.

For at Helse Vest IKT skal kunne støtte den daglege drifta i sjukehusa gjennom velfungerande teknologi, er vi avhengige av å kunne tiltrekke, utvikle og behalde kompetente tilsette. Leiarane og medarbeidarane er dei viktigaste ressursane våre! I utviklingsplanen vår, målbilete 4, heiter det: «Vi lykkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette». Helse Vest IKT har det siste året fått på plass ei rekkje tiltak for å levere på dette målbiletet: «Onboarding-program» for nytilsette, arbeidsmiljø-tiltaket «Ein bra dag på jobb», nytt program for lærlingar, rekrutteringsstrategi, ei tverrfagleg arbeidsgruppe for likestilling, inkludering og mangfald m.m. Det blir i desse dagar også arbeidd med ei felles leiarplattform for selskapet.

### *Prosjekt SOLID har flytta LIBRA til ny driftspartnar*

**Då LIBRA stod på ein utgåande serverpark, var det naudsynt å sjå på nye løysingar for vidare drift. Det blei gjort analysar av forskjellige driftsmodellar, og det blei vedteke å inngå kontrakt med ein leverandør av både infrastruktur og SAP Basis-drift. Det inneber at leverandøren står for investering i ny serverpark.**

Helse Vest IKT skal ha ein solid driftspartnar som sørger for at LIBRA er på ei moderne digital plattform med høg sikkerheit. Gevinstar prosjektet har teke sikte på:

- Auka sikkerheit, tilgjengelegheit og stabilitet
- Forbetra yting
- Senka tidsforbruk på oppfølging av leverandør ved å knytte seg til ein proaktiv og solid driftspartnar

Prosjektet skulle migrere alle SAP-system på vår plattform til ein ny driftsleverandør før juli 2024. Det skulle ikkje innførast funksjonelle endringar.

## Tidslinje

Mai 2023: Svar på RFI viste gode indikasjonar på marknads- og leverandørsituasjonen.

Juni 2023: Utsending av konkurranse.

Oktober 2023: Signering av kontrakt med Basis Consulting.

Mai 2024: Migrering av LIBRA ferdigstilt i god tid før driftsavtale på gammel plattform går ut.

## Resultat

- Opplever forbedra yting og raskare respons på systemet.
- Oppgradert til eit høgare sikkerheitsnivå.
- Opplever godt samarbeid mellom leverandørane og Helse Vest IKT.

## *Ei langsiktig investering i cybersikkerheit*

**Helse Vest IKT er avhengig av ein sterk og robust sikkerheitsorganisasjon. Dette, kombinert med å imøtekomme lovpålagte krav, førte til behov for eit eige Security Operations Center (SOC). Prosessen med å få tak i kvalifiserte kandidatar starta for 1,5 år sidan.**

Helse Vest IKT er ikkje dei einaste som er på jakt etter gode folk som kan jobbe med sikkerheit. Kvalifisert personell er mangelvare og konkurransen er stor. Vi måtte difor tenke nytt, og laga eit skreddarsydd rekrutteringsopplegg ved hjelp av eksterne og interne krefter.

Blant eit utval av 1000 søkarar, blei ni kandidatar uteksaminert etter 14 intensive veker på sikkerheitsakademiet Brights i Media City Bergen. Kandidatane har vore gjennom ein omfattande rekrutteringsprosess, følgt av eit intensivt utdanningsprogram.

Tysdag 23. april var det offisiell opning av Helse Vest IKT sitt nye Security Operations Center (SOC). Senteret overvaker, forhindrar, oppdagar og handterer cybertrugslar med mål om å beskytte selskapet mot eventuelle cyberåtak. SOC-teamet i Helse Vest IKT består av 13 personar med ulik bakgrunn.



Heile SOC-teamet under opninga, saman med adm. dir. Ole Jørgen Kirkeluten og leiar for IKT Fagsenter, Fredrik Eldøy.

### *Oppgradering av pasientsignalserverar vart ein suksess*

**Takka vere godt oppgraderingsarbeid frå Tele og signal, Testsenteret, Meldingsvarslarprosjektet og Helselogistikk, er det no mogleg å få fleire bygg over på Imatis og få pasientsignal fram i rett tid til riktig kliniske ressurs.**

Med utrullinga av smarttelefonar og Imatis i føretaka, får tilsette pasientanrop, assistanseanrop og internt nødværsele direkte på sin smarttelefon. Integrasjon mellom pasientsignal og Imatis er blitt ei tydeleg forventning hos føretaka.

Tele og signal og Meldingsvarslarprosjektet har difor i lengre tid samarbeida med BEST pasientsignal for å få inn moglegheiter for betre gjenkjenning av rom, bygg og føretak i Imatis. I april 2024 lanserte BEST pasientsignalserverar ei lenge etterlengta versjonsoppgradering til BEST Adapt-serverane.

### **Krevjande logistikk**

For å få til oppgraderinga måtte Helse Fonna, Helse Stavanger og Helse Førde, saman med Testsenteret, Tele og signal og Meldingsvarslarprosjektet, på kort tid mobilisere ressursar. Versjonsoppgraderinga kravde nemleg ei samtidighet på tvers av føretaka. Tele og signal sendte difor ressursar saman med Testsenteret på tvers av fylkesgrensene, og stod parat for testing så snart oppgraderinga var gjennomført måndag 27. mai.

Oppgraderinga var vellukka, og ein fekk raskt avdekka feil i kommunikasjon mellom BEST og Imatis. Takka vere iherdig innsats frå Helselogistikk, som gjennomførte to naudendingar utan nedetid, gjekk dette bra.

All testing måtte gjerast i full drift, og i overkant av 20 ressursar frå Helse Vest IKT og føretaka bidrog. Dette stilte krav til både organisering og effektivitet i gjennomføringa. Samla sett skulle ein teste omtrent 790 panel to gonger for å sikre at både pasientanrop og assistanseanrop kom fram som dei skulle i Imatis på rolletelefonane.



### *Byggstøtte IKT i mål med Livabygget i Førde*

Livabygget er eit toppmoderne somatisk sjukehusbygg, der ein finn att IKT på dei fleste område. Det har difor vore svært mange leveransar som måtte på plass innan drifta kunne starte opp. Takka vere innsats frå mange kollegaer i heile Helse Vest IKT har innflyttinga i Livabygget gått veldig fint, og arbeidet vart fullført to dagar før fristen.

Byggstøtte IKT har som mål å alltid levere på tid, kost og kvalitet i prosjekt for kundar i Helse Vest, og dei har jobba mykje og hardt med fleire delar av leveransen. Blant anna var implementeringa av operasjonsstøttesystemet Brainlab i Helse Vest sin infrastruktur både komplisert og arbeidskrevjande.

På mobilitetsfronten har prosjekt Meldingsvarsling i Byggstøtte levert ei god og omfattande løysing for meldingsvarsling via Imatis, som er utvikla i tett dialog med sluttbrukarane. Gode leveransar frå linja i Helse Vest IKT har vore heilt avgjerande. Lokalstøtte, Datakom og Tele og signal har utmerka seg, og prosjekta STERIOD og Sporing og lokalisering har levert sentrale løysingar til det nye bygget. Testarbeidet har også vore heilt uunnverleg, og har vore ein avgjerande faktor for at oppstarten av det nye Livabygget gjekk så bra som det gjorde.



### *Meldingsvarslingsprosjektet sine leveransar*

**Året 2024 starta med høgt tempo for Meldingsvarslingsprosjekt.**

Første halvår resulterte i tre store og ein mindre leveranse av høg kvalitet til rett tid, irekna Haraldsplass, ei stor oppgradering av BEST regionalt og over tusen konfigurasjonsendringar.

Andre halvår sette vi inn alle krefter på fleire ulike leveransar til Helse Førde og Livabygget, og delte løysingane mot andre bygg. Med godt samarbeid internt i Helse Vest IKT og med helseføretaka, samt stor motivasjon, hadde også haustleveransane høg kvalitet og vart leverte til rett tid.

### *KI innan bildediagnostikk*

**KI innan bildediagnostikk er applikasjonar som er ferdig trente innan eit spesifikt diagnostisk område, og brukast for å tolke bilete. Resultatet av tolkinga blir brukt som beslutningsstøtte for dei som tolkar bileta, og kan avlaste i ein travel kvardag.**

Dette skal i første omgang takast i bruk på radiologisk avdeling i Stavanger og på skadepoliklinikken i Bergen Helsehus. Den store fordelten med plattformen ein skal prøve ut, er at den er tett integrert med det bildesystemet radiologane allereie brukar. Det betyr at dei ikkje treng lære seg eit nytt verktøy, men får resultatet av KI-løysinga si bildetolkning lett tilgjengeleg i si vanlege arbeidsflate. Dersom utprøvinga blir vellukka, kan dette opne for at

ei slik integrasjonsplattform kan nyttas av andre sjukehus og for andre spesialiseringar innan radiologi.

KI-applikasjonane køyrast i serverar i skya hos dei store leverandørane av skytenester. Pasientinformasjon i bileta blir beskytta gjennom pseudonymisering før den blir sendt til KI-applikasjonen i skya. Når KI-applikasjonen har tolka biletet, og resultatet er sendt i retur, blir bilete sletta i skya. Resultatet blir lagra saman med den opphavlege bileteundersøkinga i det felles digitale mediearkivet Sectra.

### *«Pasientens journaldokument» vinnar av eHelseprisen*

**Det banebrytande nasjonale samarbeidsprosjektet «Pasientens journaldokument» har vunne årets eHelsepris, utdelt av Den norske dataforeining.**



Helse Vest har hatt ei sentral rolle i prosjektet gjennom lang tid, og eHelseprisen er ei fantastisk anerkjenning av det gode arbeidet som er lagt ned både i Helse Vest og nasjonalt. I uttalen frå juryen står det at Pasientens journaldokument, som løysing gjennom Kjernejournal, representerer eit paradigmeskifte.

Løysinga sikrar trygg deling av journaldokument mellom helseinstitusjonar. I løpet av 2024 har fleire helsepersonellgrupper fått tilgang til tenesta.

*Margrete Lexow Wie er prosjektleiar for Pasientens journaldokument.*

### *Kryssar målstreken etter 15 år: Unilab på plass i Helse Vest*

**Alle føretaka i Helse Vest, Haraldsplass og Betanien har no eit felles lab-system. Prosjektet starta i 2009, då med oppstart i Bergen. Måndag 26. februar 2024 var siste familiemedlem frå Helse Fonna på plass.**



Unilab er eit fleksibelt lab-system som gir støtte til arbeidsprosessar, og oversikt over pasienten sine prøvesvar. Det held styr på bestillingar av prøver og prøvetakingar, og gjer det sporbart kvar i prosessen prøven er til ei kvar tid.

Randi Monsen Nygaard, sjefbioingeniør på Mikrobiologisk avdeling ved Laboratorieklinikken på Haukeland, kan bekrefte at lab-kvardagen er blitt enklare. Dei var dei første som tok i bruk Unilab for 15

år sidan. Sidan då er Unilab kommen på plass i Førde, Nordfjordeid, Lærdal, Betanien, Stavanger, Haraldsplass, og no Haugesund, Odda og Stord. Totalt sett handterer Unilab no over 30 millionar pasientprøver i regionen i året.

## *DIPS rett i lomma*

**Arena Mobil gir helsepersonell rask tilgang til journalinformasjon frå DIPS. Måndag 28. oktober dukka den nye mobil-appen opp på Helse Vest-telefonar.**

Med Arena Mobil kan helsepersonell få direkte tilgang til informasjon om den enkelte pasient og ha journalen med seg i lomma. Ein kan førebu seg på gangen, notere medan ein står ved senga, og bli varsla om prøvesvar medan ein går runden.

Utvalde brukarar i alle føretaka har prøvd ut Arena Mobil i forkant av innføringa, og gjort seg nokre erfaringar. Her vart det mellom anna trekt fram at appen kan vere til stor nytte under pasientsamtalar. Då kan helsepersonell raskt ta fram mobilen og sjekke historikken til pasienten og svare på vanlege spørsmål – alt frå kva planlagde avtalar dei har, til svar på prøvar og undersøkingar.

Appen skal ikkje erstatte DIPS Arena på PC, men gjere det mogleg å løyse oppgåver som er hensiktsmessige å løyse på ein mobiltelefon.

## *Helse Vest IKT 20 år*

**I år er Helse Vest IKT 20 år. Sidan 2004 har våre medarbeidarar teke store sprang saman med sjukehuskollegaer. I Helse Vest er det i dag 30 000 tilsette. Kvar og ein treng driftssikker og brukarvenleg teknologi, dag og natt, heile året rundt. Målet er å sikre at pasientar får den trygge behandlinga dei treng.**

Helse Vest IKT sitt 20-årsjubileum vart markert med ei felles fagleg og sosial samling for IKT-arar. Her fekk ein presentasjonar av Helse Vest IKT gjennom 20 år, men også sett på korleis vi skal møte framtida og dei utfordringane vi står ovanfor.




## **20 år med enorme framsteg**

Gjennom 20 år har Helse Vest fått stadig fleire utfordringar. Vi er i dag leiande nasjonalt innan nytenking, innovasjon og tryggleik innan helsesektoren.

Dei siste 20 åra har vist oss at teknologien ikkje berre handlar om å sikre godt nett og gode verktøy i kvardagen. IKT er til stades i dei fleste rom på sjukehusa, og i dialogen med pasientane.

Dei neste 20 åra må vi jobbe hardare for å avlaste sjukehusa med aukande arbeidspress og lange ventelister. Vår kompetanse innan robotisering og kunstig intelligens er konkrete





eksempel på kva vi skal levere av tenester. Og vi må sikre oss mot uønskte avanserte åtak frå kriminelle internasjonale nettverk. Heldigvis har vi ressursar på plass for å handsame dette.

## 2 Hovudmål 2: Styrke forskning, innovasjon og kompetanse, og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT om å gjere greie for involveringa i følgjande prosjekt innan Top 5 risiko:

- legemiddelområdet
- vald og truslar mot medarbeidarar
- uønskt variasjon – radiologi og ortopedi
- IKT og informasjonssikkerheit
- ekstern turnover av medarbeidarar

*Helse Vest IKT arbeider gjennom regional handlingsplan for informasjonssikkerheit med å endre metodikk for risikostyring slik at vi som organisasjon er betre skikka til å vurdere risiko innan digitaliseringsinitiativ. CISO og seksjon for IKT-sikkerheit i Helse Vest IKT arbeider også aktivt inn mot leverandørar for å kommunisere korleis vi vurderer leverandørkjederisiko og fortelje om våre tiltak og forventningar på området informasjonssikkerheit. Dette sørger for at vi har robuste tiltak både teknisk, organisatorisk og administrativt når vi støtter opp under nye initiativ for digitalisering. Desse tiltaka er i gang, og vil bli vidareført ut 2025.*

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- delta vidare i nettverket for risikostyring i Helse Vest
- legge nye prinsipp og retningslinjer for risikostyring til grunn i risikoarbeidet
- bidra i arbeidet med å ta i bruk eit IKT-verktøy for risikostyring
- delta i arbeidet med omsyn til topp 5 risikoar i regionale og lokale arbeidsgrupper

*Helse Vest IKT har delteke i nettverk for risikostyring i Helse Vest, og har bidrege med kompetanse innanfor informasjonssikkerheit og risikostyring. I dette nettverket har vi også bidrege til å forbetre og ta i bruk nytt IKT-verktøy for risikostyring, og har førebudd oss på å ta i bruk modulen Cyber Risk på risikovurderingar innan informasjonssikkerheit. Dette arbeidet vil også fortsett framover.*

*Det er arbeid med å forbetre prosess og metodikk for risikostyring innanfor informasjonssikkerheit, jamfør handlingsplan for informasjonssikkerheit. I dette arbeidet vil våre styrande dokument innanfor risikostyring oppdaterast. Desse prinsippa og retningslinjene vil leggest til grunn i risikoarbeidet, saman med trugselvurdering for spesialisthelsetenesta.*

*Informasjonssikkerheit var ein del av topp 5-risikoar fram til april 2024. Helse Vest IKT har delteke i arbeidet med topp 5-risikoar i både regionale og lokale arbeidsgrupper.*

### 3 Hovudmål 3: Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT om å gjere greie for involveringa i:

- Rask tilgang til nye behandlingsmetodar
- Akuttmedisinske tenester
- Samarbeid mellom spesialisthelse- og kommunalhelsetenesten
- Digital heimeoppfølging

*Når det gjeld nye behandlingsmetodar, har Helse Vest IKT bidrege i utprøving av VR-briller i klinisk arbeid. To av forsøka vart omtala på jubileumssamlinga denne hausten. I Bergen har Helse Vest IKT samhandla med Høgskulen på Vestlandet og Barneposten for å betre behandlinga i Barnepsykiatri. I Helse Førde har VR-briller blitt brukt for å redusere angst og stressreaksjonar i den preoperative fasen. VR blir også brukt innan fysio- og ergoterapi (Energisenteret på HUS).*

*Helse Vest IKT deltek i prosjektet e-behandling (tidlegare e-meistring), både i styringsgruppe og prosjektgruppe. Helse Vest IKT har forvaltar til løysinga. I tillegg deltek Helse Vest IKT i ulike forskingsprogram der ein jobbar med ulike sjølvhjelpsprogram for ungdom med angst, depresjon, eteforstyrringar og ADHD. Det er utvikla appar og ein nyttar VR som teknologi.*

*Angående akuttmediske tenester så deltek Helse Vest IKT i prosjektet som innfører Nasjonal AMK. Vi har vidare hatt ei sentral rolle i utbreiing av Multimonitor i alle ambulansetilar/båtar.*

*Når det kjem til samarbeid mellom spesialisthelse- og kommunalhelsetenesta, er det ein stor milepæl at vi frå 18. november deler utvalde dokument frå sjukehusjournalen med anna helsepersonell via Kjernejournal. I første omgang er det berre fastlegar og sjukehus i Sør-Aust som har høve til å opne dokumenta. Men fleire kommunar, legevakter, og avtalespesialistar vil kunne komme til etter at dei har oppgradert journalløysingane sine.*

*Når det gjeld heimeoppfølging, deltek Helse Vest IKT i delområdeleinga for Digitale helseteneste. Vidare leier/deltek vi i prosessteam og løysingsteam, forvaltar og vidareutviklar løysingar for digitale helsetenester, og deltek i prosjekt for utvikling av nye digitale helsetenester. Gjennom dette støttar Helse Vest IKT opp om dei prioriterte satsingane behovsstyrt oppfølging, digital kartlegging, e-behandling og kunnskapsbasert avgjerslestøtte.*

### 4 Bemanning, leing og organisasjon

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- sørge for at alle medarbeidarar blir tatt i vare på ein god og forsvarleg måte i alle endringsprosessar, både når det gjeld byggeprosessar og andre prosessar

*Den viktigaste endringsprosessen p.t. er knytt til innføring av ny styringsstruktur for digitalisering. Det er i løpet av 2024 gjennomført kurs i smidig metode og "Team topologies" for alle tilsette. Dette for å skape naudsynte felles rammer og metodekunnskap. Det er også blitt gjennomført ei kulturkartlegging med eit todelt formål: å kartlegge no-situasjonen når det gjeld kulturelle trekk, og å avdekke kva for nokre kulturelle trekk vi må jobbe mot for å realisere strategi og mål, samt oppnå effekt av ny styringsstruktur. Funn i kartlegginga stadfestar behovet for allereie igangsette organisatoriske tiltak på HR-området, spesielt innan leining. Samarbeid på tvers og kommunikasjon/transparens er område det framover skal arbeidast med for å få større utbytte av ny styringsstruktur. Når det gjeld interne byggeprosessar, og eventuelle konsekvensar for arbeidsmiljøet, blir desse følgde opp i tett dialog med lokale verneombod og i Arbeidsmiljøutvalet.*

## **Sjukefråvær**

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- forsterke innsatsen for å redusere sjukefråværet. Tilgjengelege tiltak som kan utløyasast i samarbeid med NAV må stillast til disposisjon for leiarar og medarbeidarar. Tidleg innsats vil vera avgjerande for å redusere sjukefråværet. Leiarar må få nødvendig opplæring i bruk av analyseverktøy i GAT som bør nyttast. Openheit om korleis sjukefråværet er i den einskilde eining må vere del av avdelingsmøte. ForBetring kan og gi viktig informasjon som kan nyttast for å førebygga sjukefråvær. Det blir i denne samanheng vist til styresak 110/23 til styret i Helse Vest med vedlegg.

*Selskapet har kjende rutinar for innmelding og oppfølging av sjukefråvær, og nyttar også IA-modul i Gat. Helse Vest får sjukemeldingar digitalt og nyttar digital oppfølgingsplan mellom leiar og medarbeidar. HR yter bistand til leiarane i sjukefråværsoppfølging, også i dialog med Nav. Sjukefråværsrapportar er tilgjengelege for alle. Fråvær er fast tema på leiarsamlingar, og dessutan i AMU- og styremøter. Det vart i 2023/24 gjennomført eit obligatorisk arbeidsmiljøtiltak for heile selskapet, "Ein bra dag på jobben". Oppfølginga av dette tiltaket vil gå føre seg inn i 2025.*

- ta i bruk dei støtteordningar som finst hos NAV Arbeidslivssenter.

*Våren 2025 skal vi satse på kompetanseheving blant leiarane med fokus på regelverk og rettar, og dessutan coaching i samband med sjukefråværsoppfølging. Vi har planar om å opprette, i samarbeid med NAV Arbeidslivssenter, eit internt nettverk for leiarane. Her vil vi ha ulike tema, og formålet er mellom anna at dei skal lære om kva støtteordningar som finst. Det skal også vere eit forum for å diskutere ulike tema/problemstillingar som er aktuelle når det gjeld mellom anna sjukefråværsoppfølginga. Vi har tru på at kompetanseheving og bevisstgjerung vil gjere det mogleg å nytte fleire av tenestene som blir tilbodne via Nav Arbeidslivssenter.*

## **Beredskap og sikkerheit**

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS, i samarbeid med helseføretaka, om:

- at tiltak for beskyttelse mot vondsinna dataangrep og truslar mot kritisk infrastruktur blir vidareutvikla i tråd med trusselbildet og basert på gjennomførte analysar av risiko- og sårbarheit.

*Helse Vest IKT har i samarbeid med dei andre IKT-selskapa interregionalt utarbeidd ei felles trugselvurdering av spesialisthelsetenesta. Denne har blitt lagt til grunn både for arbeidet med implementering av sikkerheitslova i Helse Vest IKT og for arbeidet med tekniske tiltak under regional handlingsplan for informasjonssikkerheit.*

*Det er spesielt to område vi arbeider med tiltak for i medhald av gjeldande trugselbilete: Leverandør oppfølging og pålogging.*

*Leverandør oppfølging er vi godt i gang med og har allereie hatt møter med viktige leverandørar til Helse Vest IKT. I tillegg samarbeider vi interregionalt om sikkerheitsrevisjon av felles leverandørar til spesialisthelsetenesta. Dette arbeidet vil strekke seg inn i Q2 2025.*

*Innføring av phishing resistant pålogging går føre seg i Helse Vest IKT og vil bli arbeid med også i 2025 slik at dette etter kvart erstattar passordbasert pålogging for mange viktige system.*

*Tiltaka for å komme opp på eit forsvarleg sikkerheitsnivå etter sikkerheitslova er i gang og vil bli vidareført i heile 2025.*

## **Samfunnsansvar**

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- fortsette arbeidet med å følgje staten sine forventningar som kommer fram i eierskapsmeldingen.

*Helse Vest IKT rapporterer på klimagassutslepp og klimarisiko. Selskapet har satt klima- og miljømål som blir handsama i leiinga sin gjennomgang.*

- bidra inn i arbeidet med å utarbeide ei oversikt over utsleppsbaner for korleis ulike tiltak vil påverke framtidig samla CO2-utslipp for spesialisthelsetenesta.

*Helse Vest IKT rapporterer i samsvar med regionale rutinar, og deltek i regionale forum innanfor klima og miljø. I tillegg blir det arbeid særskilt med tiltak knytt til datahallar og IKT-infrastruktur.*

## **Framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon**

Dei regionale helseføretaka er gitt følgjande oppdrag i 2024:

- å bidra i Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap sitt forprosjekt om framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon, og førebu seg på å utvikle og implementere nye tenester innan sitt ansvarsområde gjennom bruk av ny løysing.

*Helse Vest IKT har deltatt i møter saman med helseføretaka og leverandør av framtidig løysning for nød og beredskapskommunikasjon. Vi har fått innblikk i kva den nye løysninga*

består av og spelt inn våre behov. Mens vi venter på den ny løysninga har vi vidareutvikla vår bruk av eksisterande krisehandteringsverktøy (CIM).

## Vidare utvikling av innkjøpsområdet

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- prioritere og følgje opp lokalt arbeid med tiltak for å styrke gevinstrealisering innan innkjøpsområdet.

Helse Vest IKT har gjennomgått etterleving av prosessar i administrative løysingar, samt prioritert opplæring for å sikre riktig og effektiv bruk, og gjennom det realisere gevinstar. I tillegg blir oppfølging av avtalelojalitet på avtaleleverandørar betre med innføring av eigen KPI frå årsskiftet 2024/2025.

Helse Vest IKT nyttar i stor grad minikonkurransar i alt kjøp av IKT-utstyr og infrastruktur innanfor dei nasjonale avtalene.

## 5 IKT-utvikling og digitalisering

### Journal- og samhandlingsløysingar

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- bidra til det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området, med særleg vekt på;
  - Den nasjonale e-helsestrategien

Helse Vest IKT deltek i Nasjonal Rådsmodell for e-helse gjennom to representantar i Nasjonalt Utval for fag og arkitektur (NUFA), samt administrerende direktør som deltek inn i Nasjonalt Utval for IKT (NUIT). Vidare har Helse Vest IKT to representantar med inn i Interregionalt arkitekturutval som rapporterer til RHF IKT-direktørmøte. Dei nemnde er forum som spesielt gir innspel til den nasjonale e-helsestrategien. Utover dette deltek Helse Vest IKT i ei rekke forum og interregionale prosjekt som støttar opp under gjennomføringa av den nasjonale e-helsestrategien, og er aktiv deltakar i høyringsrundar og innspel på tema frå Nasjonale myndigheiter.

- bidra til det interregionale samarbeidet på IKT-området i prosjekt der Helse Vest er hovudsamarbeidspart, mellom anna; Pasienten si legemiddelliste, Kritisk informasjon, AMK IKT, prehospital EPJ.

Helse Vest IKT deltek aktivt med ressursar i Interregionale prosjekt og i samarbeidet med dei andre regionane om felles løysingstilnærming, utprøving, innføring og forvaltning.

- aktivt delta i det interregionale samarbeidet om vidareutvikling av journal- og samhandlingsløysingar.

Helseregionane og DIPS har etablert ein ny samhandlingsmodell. Produktrådet er øvste organ i denne strukturen. Helse Vest leiar Produktrådet og sekretariatet, samt bidreg med ressursar i kvart av dei ulike underliggende endringsråda.

*Helse Vest IKT bidreg med fleire ressursar i prosjektet Pasientens journaldokument, som er eit nasjonal prosjekt der ein deler via Kjernejournal. Prosjektet har ei sentral rolle i det arbeidet, og Helse Vest har planar om produksjonssetting før nyttår.*

*Pasientens prøvesvar er også eit nasjonalt prosjekt. Vi har også her ei sentral rolle og vil etter planen vere første helseregion som kan tilby deling av prøvesvar til klinisk bruk.*

*E-behandling er nytt namn på det som tidlegare gjekk under e-meistring. Samhandlingsløysinga Youwell er teken i bruk, og Helse Vest er den regionen som er komen lengst i dette arbeidet. Innføring og breidding er organisert i eige prosjekt. Helse Vest IKT bidreg i prosjekt og styringsgruppe.*

*Prosjektet Digitale skjema og brev har delteke aktivt i utvikling av skjemaoppgåveløysning i DIPS Arena. Pasienten får skjema via Helsenorge og svara frå pasient blir tekne imot i form av strukturert data. Arbeid med å utvikle nye digitale skjema for denne løysinga er godt i gang.*

*Innføringsprosjektet Mitt timeval bidreg med ei sjølvbeteningsløysing der pasientar kan byte time via Helsenorge, og frigjer dermed tid for sjukehusa.*

- aktivt delta i arbeidet med Felles plan for digitalisering for 2024, i den hensikt å sikre lokale og regionale bidrag inn i det interregionale og nasjonale samarbeidet om digitalisering.

*Representant frå Strategisk rådgjevnad i Helse Vest IKT har leia arbeidet med å koordinere bidraga frå Helse Vest til Felles plan og vore deltakar i den Interregionale kjernegruppa i planlegging og gjennomføring av arbeidet. Deltakarar frå områda i styringsstrukturen har arbeidd med tekstbidrag til Felles plan i samarbeid med representantar frå dei andre regionane på etterspurde tema frå Foretaksprotokollen.*

- følgje opp Strategi for digitalisering i Helse Vest.

*Etter avgrensa utprøving av Arena Mobil App, vart denne distribuert til alle mobiltelefonar som er innrullert i MDM-plattformen. Distribusjonen vart gjennomført måndag 28. oktober etter grundig testing. Det vil vere mogleg å oppgradere appen hurtig, ettersom løysinga er over på Kubernetes. Tilgjengeleggjering av appen bidreg til å svare ut Mål 2: Enklare arbeidskvardag. Viser elles til omtale både på intranett og nasjonale nyheiter.*

- bidra med nødvendige endringar og tilpassingar i eigen organisasjon og i samarbeidet i føretaksgruppa for å etablere den nye styringsstrukturen for digitalisering, slik at effekten av ny struktur kan hentast ut så snart som mogleg.

*Helse Vest IKT har tilrettelagt økonomimodell og avklart ressursfordeling inn i dei ulike områda i styringsstrukturen for digitalisering. Mange av rollene er bemanna av medarbeidarar frå ulike delar av vår organisasjon, og metodar for ressursallokering er tilpassa ny modell. Det står framleis att ein del avklaringar rundt ulike roller og ansvar, og skildringar av dette må avstemmast i dialog med Digitaliseringssekretariatet og*

områdeleiningane.

- bidra til forbetningsarbeid i lys av Riksrevisjonen sine undersøkingar om “Utnyttelse av IT-system i sykehus”, og følgje opp hovudfunn, vurderingar og anbefalingar

*Helse Vest IKT bidreg aktivt gjennom den nye styringsstrukturen med forbetningar på område som Riksrevisjonen gav kritikk på. Styringsstrukturen gir auka nærleik og forståing av dei kliniske arbeidsprosessane i arbeidet med utforming og tilpassing av dei tekniske løysingane. Dette skal gi auka brukskvalitet og løysingar som er betre tilpassa brukarane sin arbeidskvardag. Leveransar bl.a. innan mobile løysingar og KI gir kliniskane meir effektive og fleksible arbeidsprosessar. Helse Vest IKT deltek også aktivt med restleveransar og forbetningar innan kurve- og legemiddelområdet i samarbeid med kliniskane, eit arbeid som også vil ha positiv effekt på manglar som Riksrevisjonen har peika på.*

- følgje opp strategi og handlingsplan for digitale helsetenester 2023-2026.

*Strategien blir i hovudsak følgd opp i delområdet Digitale helsetenester, der Helse Vest IKT deltek. Det er jamleg oppfølging av tiltaka i handlingsplanen, og det skal gjennomførast ein revisjon av handlingsplanen før utgangen av 2024.*

- delta i utvikling av nye digitale behandlingsprogram. Helseføretaka skal vesentleg auke bruken av digitale behandlingsprogram i pasientbehandlinga.

*Helse Vest nyttar mellom anna Youwell som løysing for e-behandling. Helse Vest IKT har eigen ressurs som i hovudsak er knytt til forvaltning av løysinga. Helse Vest IKT har gjort tilgjengeleg dei ulike fagprogramma som etter kvart er medisinsk-fagleg godkjent.*

## **Betre bruk av helsedata**

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- følgje opp arbeidet med betre bruk av helsedata i tråd med dei føringar som er gitt frå Helse- og omsorgsdepartementet og Direktoratet for e-helse.

*Helse Vest IKT legg til rette for at kvalitetsregister i Helse Vest tek i bruk fellestenester, og jobbar aktivt med å auke grada av automatisert datafangst til kvalitetsregistera. Det blir levert bidrag nasjonalt og regionalt i denne samanhengen.*

## **Digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt**

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- bidra til det interregionale samarbeidet om digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt, der pasientinformasjon blir registrert via helsenor.no.

*Gjennom Interregionalt arkitekturutval har Helse Vest IKT kommentert og drøfta*

*løysingstilnærming med prosjektet og kome med innspel til RHF IKT-direktørmøte på foreslått samtykkeløysing. Det er venta at involveringa vil auke etterkvart som prosjektet kjem opp i fart.*

## **Felles nettløysing for spesialisthelsetenesta**

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- kartleggje og gjennomføre risikovurdering for nettstader som har andre publiseringsløysingar enn FNSP. Nettstader som inneheld informasjon til pasientar og pårørande skal prioriterast for flytting til FNSP, i utgangspunktet som undersider til helseføretaket som eig innhaldet. Dernest skal sider med innhald som gjeld å behalde og rekruttere medarbeidarar, forskning, utdanning og opplæring av helsepersonell, bli flytta. Nye, eigne nettstader kan vurderast oppretta som unntak, ved særlege tilfelle og etter avklaring med Helse Vest RHF.

*Helse Vest IKT deltek og bidreg i nasjonalt arbeid om FNSP. Helse Vest IKT har satt i gang eit arbeid for å rydde i domene som ligg utanfor FNSP, og jobbar for å vurdere og rydde opp i eksterne nettstader i samsvar med føringar for nettstader på internett vedteke av nasjonalt systemeigarforum for FNSP 1. september 2023.*

## **Spesifikt styringsbodskap til Helse Vest IKT AS**

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- bidra aktivt til det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området i tråd med og innanfor dei føringane som går fram av kapittel 5.1, 5.2 og 5.3.

*Helse Vest IKT deltek og bidreg aktivt i interregionale og nasjonale prosjekt og forum som er relevante for Helse Vest.*

*Helse Vest er hovudsamarbeidspartnar innan Kritisk informasjon og førande i innføringa av Pasientens legemiddelliste, der ressursar frå Helse Vest IKT har vore leiande i løysingsutforming og -utprøving. Elles er Helse Vest IKT gjennom sine ressursar aktive for å auke nasjonalt og interregionalt samarbeid, og har eit godt samarbeid med NHN, Helsedirektoratet og andre aktuelle aktørar som kan fremje betre IKT-løysingar og samhandling i sektoren.*

- ha eit særleg fokus på arbeidet med IKT-sikkerheit for føretaksgruppa Helse Vest RHF, jf. kapittel 4.1.1.

*Sikkerheitsutvalet i Helse Vest har oppdatert Regional Handlingsplan for informasjonssikkerheit. Denne skal gjelde fram til 2027. Helse Vest IKT bidreg særskilt inn i dei tekniske tiltaka i denne handlingsplanen:*

- 1) Automatisert identifikasjon og katalogisering av utstyr, system og sårbarheiter
- 2) Ytterlegare sikring av nettverk
- 3) Oversikt over eigne einingar og konfigurasjon
- 4) Kartlegging og handtering av sårbarheiter
- 5) Sikrare og meir brukarvenleg pålogging
- 6) Styrka informasjonssikkerheit og personvern i M365



- 7) Sikker bruk av kunstig intelligens (KI)
- 8) Heilskapleg sikkerheitsarkitektur

- delta aktivt i arbeidet med gjennomføring av Strategi for digitalisering i Helse Vest.

*Fleire sentrale ressursar i Helse Vest IKT har vore aktive bidragsytarar når det gjeld innspel til Strategi for digitalisering i Helse Vest. Det er difor gode samanhengar mellom Utviklingsplan for Helse Vest IKT og regional styringsstruktur. Regional strategi for digitalisering er førande for arbeid og prioritering internt i Helse Vest IKT. Helse Vest IKT bidreg også med eit stort tal ressursar til digitaliseringsstrukturen, og slik sett er Helse Vest IKT ein aktiv bidragsytar for realisering av strategien.*

- delta aktivt i arbeidet med utvikling av ny styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest.

*Helse Vest IKT har tilrettelagt økonomimodell og avklart ressursfordeling inn i dei ulike områda. Mange av rollane i strukturen er bemanna av medarbeidarar frå ulike delar av vår organisasjon, og metode for ressursallokering er tilpassa ny modell. Det står framleis att ein del avklaringar rundt roller, og ansvar og skildringar av dette må avstemmast i dialog med Digitaliseringssekretariatet og dei ulike områdeleiarane.*

- bidra med nødvendige endringar og tilpassingar i eigen organisasjon og i samarbeidet i føretaksgruppa for å etablere den nye styringsstrukturen for digitalisering, slik at effekten av ny struktur kan hentast ut så snart som mogleg.

